

## Skiløyper i Birtedalen vinteren 2019

Nå er fyrste turen teke med å trakke/komprimere løypa!  
Preparering av løyper vil skje kvar helg, i vinterferien og fram til slutten av påskeferien, så lenge snoen held.



Køyring skjer med atterhald om at veiret og isen tillet det.  
Løypene blir køyrd med to skuterar, skrape og groomer/sporleggar.

Nyaste informasjon om løypeforhold finn du på **facebook**; **Birtedalen sti og løypelag**  
Sjekk og heimesida [www.birtedalenstiogloypelag.no](http://www.birtedalenstiogloypelag.no)

Det er i 2018 lagt ned mange dugnadstimar med å halde løypa fri for kvist og legge til rette for køyring på lite sno. Det var traseen over Rjupeto som har vore prioritert i år. Vi hadde ei flott dugnadshelg til det arbeidet. Då blei det og starta på traseen Birtevatn rundt.  
Elles er det laga turveg/løypetrase langs Osen. Denne blir ferdigstilt til sommaren.

**Vi inviterer alle til å stø opp om arbeidet som blir lagt ned, både sommar og vinter, for å få fine løyper.**

**Etter vedtak på årsmøte er frivillig løypestøtte for 2019 kr 500,- pr hytte (hytteeigaren) + kr 100,- pr vaksen løypebrukar.**

De kan betale til konto 2801.13.99691.

Brukar du VIPPS #119928 Birtedalen sti- og løypelag, trykk meny og vel løypestøtte, skriv inn navnet ditt i meldingsfeltet.

Vi oppfordrar dei som kjem med bil til å nytte parkeringsplassen på Søgard Kile, plassen blir brøytta til dette formålet. Her er betalingskasse for kontantar i informasjonstavla.

De betaler kr 50,- pr bil, pr dag.

Parkerar de andre plassar, ved Birte, Solliåsen eller ved Langberget, bruk VIPPS #119928, trykk meny og vel parkeringsavgift pr. dag og skriv inn bilnummer på meldingsfeltet.

(Løypestøtte og parkeringsavgift er to ulike betalningar.)

**Støtt oss gjerne med grasrotandelen frå Norsk Tipping.**

Leiv Birger Tovslid redigerer adresselistene over hytteeigarane i Birtedalen og er svært takknemleg for informasjon om adresseendring eller eigarskifte på hyttene.

Endringar sendas til [leiv@birtedalen.no](mailto:leiv@birtedalen.no) eller

Leiv Birger Tovslid, Birtedalsvegen 2511, 3870 Fyresdal.

Dersom de ikkje ynskjer å stå på denne lista må de gje beskjed.

Vi ynskjer dykk velkomne til Birtedalen og håper på ein flott vinter med gnistrande føre.

Takk for all hjelp og støtte med å gjere Birtedalen til ein bra plass å vere :)

Venleg helsing Birtedalen sti- og løypelag  
v/løypekomiteen Leiv Birger Tovslid og Stein Helge Lassemo